



Johannes Hjørnevåg og Bjørn Olav Tveit konstaterar at idrettslaget har stor tillit i mange kretsar

Ei sak som skal opp i formannskapet 20. august strekar under at idrettslaget i vår bygd har stor tillit også i kommunen. Rådmannen går inn for at kommunen skal garantera for 1 546 846 kroner som laget tek opp i Sparebank 1 SR-Bank til mellomfinansiering av kunstgrasbana i aktivitetsparken. Rådmannen minnar om at søknaden om spelemidler er formelt i orden i fylkeskommunen og utbetaling skjer i 2017. Laget har fått tilskot frå fotballkretsen på 400 000, 200 000 frå Marine Harvest og 400 000 frå Sparebankstiftinga.

Rådmannen slår fast at det er liten kommunal risiko og liten miljømessig konsekvens.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen